

Reiarlaget med ros til Eidsvik då Siem Pilot vart døypt

20.02.2010



Gudmor Jorunn Meling klar med champagneflaska. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skipstreiar Harald Meling i Siem Meling Offshore, Stavanger, var som andre raus med rosen til Eidsvik Skipstbyggeri då den 88 meter lange supplybåten Siem Pilot vart døypt i ettermiddag. Den tradisjonelle seremonien med etterfølgjande ope skip samla mykje folk og fekk karakter av ein folkefest.



Husnes Musikklag hadde ein litt kald jobb under seremonien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skipstreieren sa i tala si at Eidsvik-staben var dyktig og hadde gjort ein god jobb trass i at bygg nummer 75 ved verftet er den første supplybåten dei har utstyrt. Det har gått med vel 300 millionar til dette prosjektet, det mest avanserte som så langt er bygd i Uskedalen. Ikke minst gjorde all elektronikken inntrykk på dei kunnige som gjekk gjennom skipet.

Kaptein Morten Stenkjær skal sigla ut med skipet i byrjinga av mars, etter nokre fleire testar. Han har vore tett på utrustninga sidan ho starta i april i fjor. Reiarlaget har ei toårskontrakt med Statoil Hydro og Siem Pilot skal til

Brasil etter eit halvt år i Nordsjøen, får uskedalen.no opplyst.

Kaptein er også full av ros om Eidsvik og seier like ut at det har vore fantastisk å jobba saman med staben der. Han bruker ord som "ærekjære og dyktige" om dei som har gjort ein innsats på prosjektet.

Eit identisk skrog ligg og ventar ved Børnes-kaien, men Harald Meling svarar slik når Uskedalen.no spør om Eidsvik også får denne oppgava:

- Det veit vi ikkje enno, både banksjefar og andre skal ha eit ord med i laget.

Ein sur vind makta ikkje å leggja nokon dempar på dåpsseremonien, som Husnes Musikklag ramma inn med friske tonar. Det var Jorunn Meling som hadde rolla som gudmor denne gongen og som knuste champagneflaska på den andre freistnaden!

Hovudtillitsvald ved Eidsvik Børre Brede takka reiarlaget for tilliten som var vist eit lite verft gjennom denne kontrakten. Men dei tilsette kan vera stolte av jobben som er gjort.

John Skogtun, veteran hos Eidsvik, tok imot ein sjekk på 40.000 på vegner av dei tilsette. Pengane går inn i velferdskassa.

Det tradisjonelle rituale med velsigning av båten og dei som får ansvaret for han var det sjømannsprest Ole Dagfinn Sky som tok seg av.

Arrangementet vart avslutta med festmiddag for 100 på Rosendal Fjordhotell.

Av Ola Matti Mathisen